
Fra: Tarjei Gjesdal <tarjei.gjesdal@online.no>
Sendt: 2. oktober 2019 08:15
Til: !Postmottak OED
Emne: Høyring - NVEs forslag til ein nasjonal ramme for vindkraft på land.

Kategorier: Rosa kategori

NVE

Gjesdal Gard
Sygnivollen
Gjesdal 01.10.19
Gjesdal 116
4330 Ålgård

Høyring - NVEs forslag til ein nasjonal ramme for vindkraft på land.

Gjesdal Gard arbeider med eit FOU prosjekt på fangst av Meten frå ventilasjonsluft frå storfe fjøs. Dette er eit prosjekt saman med Kjell Ivar Ueland (bonde) og blant anna Norce Reserch i Stavanger og Innovasjon Norge. Potensialet er på vårt gjennomsnittlege Norske mjølkebruk, på 8 500 m³ Metan pr år. Dette representert mykje energi, særleg om me kan omdanne/lade dette som Hydrogen. Prosessen er energikrevjande og derfor er ei eller to vindmøller plassert på eigen gard med som ein mulegheit. Om me klarer å fange betydelege del Metan på ein økonomisk forsvarleg måte, har dette enormt potensiale nasjonalt og internasjonalt, med tanke på energi og redusert klimagassutslipp. Dette er ikkje fossil Metan og fanst vil verke sterkt kjølande på drivhus effekten.

Gjesdal Gard ønsker derfor at ramma for vindkraft på land, ikkje avgrensar mulegheita for å etablere gode prosjekt utanfor utpeika område. Konkret hjå oss er dette Djupedalsfjellet og Dormanuten/Einarfjellet på G.nr. 27 B.nr. 7 i Gjesdal kommune i Rogaland.

Tarjei Gjesdal for Gjesdal Gard